



Sist søndag vart Lina Håland ordinert som prest i Uskedalen men ikkje før kommande søndag får ho møte uskedelingane i vår eigen kyrkje. Det skjer klokka 17 og fortener stort frammøte. Kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark oppmodar om det og minnar ekstra om tidspunktet.

Det vert ellers utdeling av bøker til 4-åringar og 6-åringar og kyrkjekaffi til slutt.

Men eit høgdepunkt vil utan tvil vera soknepresten sitt møte med konfirmantane. 11 har meldt seg til førebuingane denne denne gongen, opplysar Oddbjørg.

- Kjem nypresten til å syngja?
- Det veit eg ikkje, men eg ser ikkje bort frå det!

Tekst, og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Kristian Olav Bringedal